

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten Bjørlo stiller spørsmål ved korleis Vestland fylkeskommune kan medverke til at det kjem på plass nødvendig avklaring om statleg medfinansiering til eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane i løpet av 2020.

Musea i Sogn og Fjordane sendte i mars 2020 søknad til Vestland fylkeskommune om tilskot på 10 millionar kroner til verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Total prosjektkostnad er 32,8 millionar. Musea i Sogn og Fjordane har fått garanti om 10 millionar kroner til prosjektet frå Gloppefjorden kommune og har søkt statleg tilskot på 10 millionar kroner for budsjettåret 2021 over ordninga for nasjonale kulturbygg som er forvalta av Kulturdepartementet. Det vart også søkt om midlar til prosjektet via ordninga for nasjonale kulturbygg i 2020. Då vart det ikkje innvilga støtta, men Musea i Sogn og Fjordane vart oppmoda om å fornye søknaden for 2021.

Holvikejekta er bygd på Sandane i 1881, og er den største bevarte klinkbygde jekta i landet. Holvikejekta er bygd med ein 3000 år gammal byggeteknikk og er anerkjent av fagmiljøa som eitt av dei viktigaste maritime kulturminna i Norge.

Hardanger Fartøyvern har kartlagt tilstanden og konstruksjonen til jekta. I rapporten kjem det fram at tilstanden til jekta er forverra dei siste åra. Holvikejekta er i dag plassert i eit delvis ope naust ved Gloppefjorden som gjev noko vern mot regn og sollys, men jekta har mindre vern mot temperatursvingingar, fukt, brann og skadeverk. Dagens bygg gir ikkje nok vern mot vind og springflo. Bygget er lite publikumsvenleg, og Musea i Sogn og Fjordane ønskjer å legge til rette for heilårs formidling.

Fylkesdirektøren ser det som ei viktig oppgåve for fylkeskommunen å ta vare på og formidle den maritime kulturhistoria. Holvikejekta er unik både i landet og i verdssamanheng som det største bevarte klinkbygde fartøyet i Nord-Europa, og som den einaste jekta i Norge som er bevart i opphaveleg stand.

Eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta vil vere naudsnt for å kunne ta vare på jekta for framtidige generasjonar og for å kunne formidle viktig kunnskap om norsk maritim kulturhistorie. I dag har Vestland fylkeskommune ei ordning for tilskot til kulturbygg med politisk vedtekne retningslinjer. Ordninga er finansiert av spelemidlar som er fordelt av Kulturdepartementet. Ved årets søknadsrunde er det kome inn søknader frå 57 kulturbygg som søker om totalt 40,6 millionar kroner. Det er løyvd i underkant av 6 millionar kroner til fordeling gjennom ordninga. I tillegg har Vestland fylkeskommune i 2020 motteke fleire søknader om tilskot til kulturbygg utanom den utlyste tilskotsordninga.

Fylkesdirektøren vil vise til saka om finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar som er oppe i dette møtet. I forslaget til innstilling ber fylkestinget fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost frå 2021 til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar.

Fylkesdirektøren ser at det er ei underfinansiering av kulturbygg, og at Vestland fylkeskommune manglar ei eiga ordning som er tilstrekkeleg skalert for å kome i møte kulturlivet sine behov for kulturarenaer. Vidare ser fylkesdirektøren det som viktig at det blir søkt om tilskot til kulturbygg gjennom utlyste tilskotsordningar med politisk vedtekne retningslinjer. På denne måten sikrar ein likebehandling av søknadene.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake til søknaden om tilskot til Holvikejekta og andre søknader om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar samla, anten som eiga sak eller som del av budsjettprosessen 2021.»